

**Husbanken**Retur: Husbanken
Postboks 1404, 8002 BODØ

Deres dato

Deres referanse

Vår dato
29.04.2014Vår referanse
2014/4953- 4
610/13561909Meland kommune
Postboks 79
5906 Frekhaug**Avslag på søknad om tilskot til tilpassing for vidaretildeling 2014**

Husbanken viser til søknad om tilskot for 2014.

Husbanken avslår søknaden om tilskot til vidaretildeling i 2014. Avslaget er grunngjeve slik:

- **Disponible midlar frå tidligare år utgjer i følgje rapporteringa kr 357.000.**

Auka satsing på tilskot til tilpassing

Husbanken oppmodar kommunen til å bruke tilskot til tilpassing aktivt. Fleire eldre og personer med funksjonsnedsetting ønskjer i dag å bu heime i eigen bustad så lenge som muleg. Det er god samfunnsøkonomi å legge til rette bustader. Tilskot til tilpassing kan i mange tilfelle vere eit viktig verkemiddel for å få til dette.

Den einskilde sitt behov må vurderast individuelt

Tilskotet skal nyttast differensiert og den einskilde sitt behov må vurderast individuelt. Tilskotet kan nyttast til enkle tiltak som å fjerne tersklar for å betre tilkomsten til bustaden – men også til større ombyggingar for å leggje bustaden til rette i forhold til søkar si funksjonsnedsetting.

Familiar med funksjonshemma barn skal vere høgt prioritert ved tildeling av tilskot. Kommunane bør ikkje nytte absolutte inntektsgrenser i slike saker. Den økonomiske behovsprøvinga skal gjerast ut frå ei heilskapsvurdering av husstandens økonomiske situasjon på sikt etter at tilpassingstiltaket er gjennomført.

Kommunane bør sjå tilskot til tilpassing i samanheng med Husbankens andre økonomiske verkemiddel.

RapporteringSjølv om Husbanken ikkje har løyvd midlar for 2014, skal kommunen fortløpande rapportere bruken av tilskotet, dette gjeld både utbetalte og avslegne saker.

Kommunen skal rapportere om bruken av tilskot på følgjande måte:

- Kommunar som brukar StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som vert handsama i StartSak og som får status utbetalt eller avslag blir automatisk rapportert til Husbanken.

- Kommunar som ikkje brukar StartSak: Alle søknader om tilskot til etablering som blir utbetalt eller avslått skal rapporterast fortløpande som enkeltsaker i rapporteringsmodulen StartRap.

Manglande rapportering for 2014 kan føre til at kommunen ikkje får tildelt tilskot for 2015.

Klage

Husbanken si avgjerd er ikkje enkeltvedtak og kan derfor ikkje på klagast.

Informasjon

Vi viser til Husbankens retningslinjer for tilskot HB 8.B.21, veileder for tilskudd til tilpasning HB 8. B.27 og til våre nettsider www.husbanken.no.

Vi gjer også merksam på at Husbanken har sett av ein reservepott. Kommunar som brukar tilskotet aktivt, kan søke om ytterligere midlar seinare i år. Vi går du ut frå at tidlige tildelte midlar er brukt opp, rapportert og at kommunen har konkrete saker som ikkje kan løysast utan tilskot. Søknadsfristen vil bli kunngjort medio august 2014.

Ta gjerne kontakt med oss dersom de ønskjer meir informasjon.

Helsing
HUSBANKEN


Britt Nina Borge e.f.
Rådgiver


Roger Olsen
Rådgiver